

## VOSS MUSIKKRÅD

5704 Voss

### Årsmelding frå styret i Voss musikkråd 2019

Styret har i 2019 vore slik:

Øystein Dahl, Styreleiar  
Knut Bryn, nestleiar  
Kjartan Ringheim, kasserar  
Halvard Bjørgo, skriver  
Aslak Himle, styremedlem

Styret har hatt 5 ordinære møte i arbeidsåret

Tre saksområde har hatt særleg merksemd:

- Økonomi har vore tema på alle styremøta. Musikkrådet fekk tilskot frå Voss kommune i hausttildelinga. Det vert elles synt til årsrekneskapen.
- Generelt om drift, vedlikehald og utleige av Utescena har likeeins vore sak på alle styremøta. Scena har vore utleigd til ulike føremål frå 1 – 7 dagar. Men heller ikkje i år har det vore halde konserter der. Meir aktivitet der er eit klårt mål for styret, og medlemslaget vert oppmoda om å leggja konsertaktivitet til Utescena.
- Musikkrådet sin funksjon. Voss kommune har ikkje stor trong for samarbeid med musikkrådet dette året. Men musikkrådet har samarbeidd med Voss kulturråd i saker vedkomande fordeling av kommunale kulturmidlar til song og musikk og sendt sams uttale, dette i samsvar med samarbeidsavtale frå juni 2018. Musikkrådet har gjeve tilråding til kommunen om fordeling av midlar til korps for spelning i mai 2019.

Voss musikkråd var lokal samarbeidspart med Hordaland musikkråd som avvikla årsmøte og fagdag på Voss 16. mars 2019.

Kjartan Ringheim er kontaktperson for utleige av Utescena.

Halvard Bjørgo representerer musikkrådet i styret for Hordaland musikkråd. Namnet endra til Vestland musikkråd på årsmøtet 16.03.19

Øystein Dahl representerte Voss musikkråd på årsmøtet og fagdag 16. mars 2019

Voss i januar 2020

Styret i Voss musikkråd

Øystein Dahl  
Halvard Bjørgo

Knut Bryn  
Kjartan Ringheim